

## Retningslinjer for Møre og Romsdal fylkeskommune sitt idrettsstipend.

Generelt om ordninga:

Møre og Romsdal fylkeskommune har utarbeidd ei ordning for utdeling av idrettsstipend. Ordninga har ei årleg ramme på 150 000 kroner. Ordninga er inndelt i to og vert delt ut slik:

- eit stipend på 50 000 kroner til ein kvinneleg utøvar
- eit stipend på 50 000 kroner til ein mannleg utøvar
- eit stipend på 50 000 kroner til ein klubb.

Formål:

Møre og Romsdal fylkeskommune si ordning med idrettsstipendet skal

- gi inspirasjon og motivasjon for enkeltutøvarar/individuelle utøvarar til å utvikle seg vidare i idretten sin og til personleg satsing
- gi inspirasjon og motivasjon til klubbar som har fostra opp unge talent
- gi inspirasjon og motivasjon til klubbar for å utvikle klubben anten med kompetansehevande tiltak eller innkjøp av nytt utstyr

Alle idrettsutøvarar og klubbar i Møre og Romsdal som fyller kriteria, fell inn under ordninga. Det vert gjennomført ei fagleg vurdering av søknadane, der ein hentar inn ekstern kompetanse ved behov. Tildelinga skjer gjennom kultur og folkehelseutvalet og kan ikkje klagast på.

### Kriteria for utøvarar:

1. Stipendet vert delt ut til ein kvinneleg og ein mannleg utøvar innan paraidrett og idrett i alderen 16-23 år, dette gjeld det året dei fyller. Med utøvar meiner ein også einskildutøvarar som driv lagidrett
2. Søkaren må ha folkeregistrert adresse i Møre og Romsdal eller vere knytt til eit idrettslag i Møre og Romsdal
3. For søkarar under 18 år skal føresette skrive under på ei erklæring om at utøvaren kan motta stipendet
4. Utøvaren må vise til gode prestasjonar regionalt, nasjonalt eller internasjonalt det siste året og vise til gode utviklingsmoglegheiter. Uttale frå særkrets eller særforbund bør ligge ved
5. Utøvaren må ta klar avstand frå bruk av dopingmiddel, det skal dokumenterast gjennomført «ren utøver» -kurs frå Antidoping Noreg: [www.antidoping.no](http://www.antidoping.no)
6. Stipendet skal brukast til tiltak som gjer at utøvaren kan utvikle seg vidare i idretten mot eigne mål satt i søknaden
7. Stipendet kan berre bli delt ut til same utøvar ein gong

**Kriteria for klubb:**

1. Klubben må vere frå Møre og Romsdal
2. Klubben må vise til god drift og eit høgt aktivitetsnivå. Klubben kan vise til gode resultat regionalt, nasjonalt eller internasjonalt det siste året
3. Klubben må ha gjennomført og dokumentere «rent idrettslag» frå Antidoping Noreg: [antidoping.no](http://antidoping.no)
4. Stipendet skal brukast til tiltak som gjer at klubben kan utvikle seg vidare. Dette gjeld til dømes kompetansehevande tiltak, utstyr med meir
5. Mottakar av stipendet må vente fem år før dei eventuelt kan søke på nytt

**Rapportering:**

Stipendmottakarane skal innan eitt år etter at stipendet er motteke, sende inn rapport til Møre og Romsdal fylkeskommune om kva stipendet er brukt til, budsjett og ei vurdering frå stipendmottakar om kva betydning stipendet har hatt for utøveren/klubben. Rapportane skal leggjast ved i saka til kultur-, næring- og folkehelseutvalet ved neste tildeling av idrettsstipend.

[Vi viser også til Skatte-ABC 16/17 på skatteetaten si heimeside](#)